



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

# Sluttrapport frå forvaltningskontroll i Hå kommune 17.04.2013

---

Kontrolleiar: Ragnhild Hole

---

## Innholdsliste

<b>SAMANDRAG</b> .....	<b>3</b>
<b>1. INNLEIING</b> .....	<b>4</b>
<b>2. BAKGRUNN FOR KONTROLLEN</b> .....	<b>4</b>
<b>3. HEIMEL FOR KONTROLLEN</b> .....	<b>4</b>
<b>4. OPPLYSNINGAR OM GJENNOMFØRT KONTROLL</b> .....	<b>5</b>
<b>4.1. FAKTAOPPLYSNINGAR OM SJØLVE KONTROLLEN</b> .....	<b>5</b>
<b>4.2. MØTER, INTERVJU OG DOKUMENTGJENNOMGANG</b> .....	<b>5</b>
<b>4.3. TEMA FOR FORVALTNINGSKONTROLLEN</b> .....	<b>6</b>
<b>5. FUNN</b> .....	<b>6</b>
<b>5.1. DEFINISJONAR</b> .....	<b>6</b>
<b>5.2. TEMA 1 - SAKSHANDSAMINGSRUTINAR</b> .....	<b>7</b>
<b>5.3. TEMA 2 - RISIKOVURDERINGAR VED FØRETAKSKONTROLL</b> .....	<b>7</b>
<b>5.4. TEMA 3 - DRIFTSFELLESKAP OG DISPONERING AV DYR</b> .....	<b>8</b>
<b>5.5. TEMA 4 - BEITETILSKOT</b> .....	<b>9</b>
<b>5.6. TEMA 5 - KONTROLL AV SPREIEAREAL I SAMBAND MED UT BETALING AV PT</b> .....	<b>10</b>
<b>5.7. TEMA 6 - REAKSJONAR VED AVVIK</b> .....	<b>10</b>
<b>5.8. GENERELT</b> .....	<b>11</b>
<b>6. OPPFØLGING ETTER KONTROLLEN</b> .....	<b>11</b>
<b>7. VEDLEGG</b> .....	<b>12</b>
<b>7.1. VEDLEGG 1 - OVERSIKT OVER DOKUMENTASJON</b> .....	<b>12</b>

## Samandrag

Fylkesmannen var på forvaltningskontroll i Hå kommune 17.04.2013. Hovudtema for kontrollen var kommunen si forvaltning av ordninga med produksjonstilskot i jordbruket.

Basert på kontrollen har vi registrert følgjande avvik og merknader:

### Avvik

- **Avvik 1** - Kommunen rettar ikkje opp søknader der ein søkjar fører opp alt arealet trass i at dei er kjent med at søkjar sjølv ikkje disponerer alt arealet.
- **Avvik 2** - Kommunen har godkjent tilskot til to enkeltmannsføretak på eit bruk der begge driv grovfôrproduksjon og søkjer på grovfôrdyr utan å vurdere om det kan vere driftsfellesskap mellom føretaka, jf. §4 i forskrift om produksjonstilskudd i jordbruket.
- **Avvik 3** - Kommunen har ført opp dyr som blir disponert av enkeltmannsføretak på søknaden til samdrift.

### Merknader

- **Merknad 1** - Manglande rutinebeskriving og manglande sjekklister rundt kommunen si handsaming av PT-søknader.
- **Merknad 2** - Kommunen set for mykje lit til at feil ved søknadsgjennomgang blir fanga opp i feilmeldingslister frå SLF.
- **Merknad 3** - Manglande skriftleg vurdering av det risikobaserte utplukket og manglande rutinebeskriving av korleis slikt uttrekk skal gjerast.
- **Merknad 4** - Kommunen har i for liten grad vurdert driftsfellesskap mellom ulike føretak.
- **Merknad 5** - Kommunen går i for liten grad gjennom rekneskapen og anna relevant dokumentasjon ved vurdering om to føretak har driftsfellesskap eller ikkje.
- **Merknad 6** - Kommunen nyttar i for liten grad avkorting i tilfelle der feil i søknad om produksjonstilskot blir oppdaga.

## 1. Innleiing

Vi viser til varsel om kontroll datert 7.2.2013 og gjennomføring av kontrollen 17.4.2013. Forvaltningskontrollen i Hå kommune omfatta i hovudsak ordninga med produksjonstilskot i jordbruket (PT). I tillegg såg vi på kommunen si handtering av søkjarar med for lite eige spreieareal for husdyrgjødsel. På sjølve kontrollen blei det avslutningsvis delt ut ein førebels rapport. Denne sluttrapporten gir utfyllande opplysningar til dei funna som blei omtalt under kontrollen. I tillegg kjem utfyllande opplysningar om sjølve kontrollen.

## 2. Bakgrunn for kontrollen

I embetsoppdraget frå Landbruks- og matdepartementet har Fylkesmannen (FM) fått i oppdrag å gjennomføre forvaltningskontroll av kommunane innafor landbruksområdet. FM har det regionale ansvaret for å sikre at statlege midlar blir brukt og forvalta i samsvar med gjeldande regelverk. Fylkesmannen sin kontroll i Hå kommune inngår i dette arbeidet.

Kontrollen omfatta ordninga med produksjonstilskot i jordbruket og kommunen si handtering av spreieareal for husdyrgjødsel.

Føremålet med kontrollen var å kontrollere kommunen si etterleving av Reglement for økonomistyring i staten av 12. desember 2003, § 15 og særlovgivinga for tilskotsområda (forskrifter heimla i jordlova). FM skulle kartleggje om kommunen har ei forsvarleg forvaltning av nemnte ordningar, og om kommunen si forvaltning skjer i tråd med gjeldande regelverk.

## 3. Heimel for kontrollen

Heimel for forvaltningskontrollen er forskrift av 12. desember 2003 nr. 1938, Reglement for økonomistyring i staten § 15;

*”Overordnede virksomheter skal ivareta kontroll med at underliggende virksomheter og enheter utenom statsforvaltningen som utøver forvaltningsmyndighet, utfører sine oppgaver på forsvarlig måte og i henhold til § 14. Tilskuddsforvaltere skal ivareta kontroll med at tilskuddsmottakere oppfyller de vilkår som er stilt for tilskuddet. Finansdepartementet kan fastsette bestemmelser for kontroll av utøvelse av forvaltningsmyndighet som er delegert til enheter utenom statsforvaltningen.”*

Ordningane som blei gjennomgått er omfatta av følgjande regelverk:

- Lov 10.02.1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova)
- Forskrift om produksjonstilskudd i jordbruket (PT-forskrifta) av 22.03.2002 nr. 283
- Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav (gjødselvareforskrifta) av 04.07.2003 nr. 951

I tillegg kjem teknisk jordbruksavtale 2012/2013 og aktuelle rundskriv frå SLF (m.a. rundskriv 22/12, 23/12 og 37/12).

## 4. Opplysningar om gjennomført kontroll

### 4.1. Faktaopplysningar om sjølve kontrollen

<b>Dato for kontroll:</b> 17.04.2013	<b>Journalnummer:</b> 2013/1481
<b>Dato for førre kontroll:</b> 05.09.2012	<b>Journalnummer:</b> 2012/8116

#### *Kontrollert verksemd*

<b>Kommune:</b> Hå kommune	<b>E-post:</b> post@ha.kommune.no
<b>Besøksadresse:</b> Rådhuset, 4368 Varhaug	<b>Telefon:</b> 51 79 30 00

#### *Tilstades frå kommunen*

Namn	Funksjon	Opnings- møte	Intervju	Sluttmøte
<b>Rolf Einar Ree</b>	Kommunalsjef	X	Delvis	X
<b>Olav Magne Tonstad</b>	Jordbrukssjef	X	X	X
<b>Alf Henning Haukeland</b>	Sakshandsamar	X	X	X
<b>Else Britt H. Mæland</b>	Sakshandsamar	X	X	X

#### *Tilstades frå Fylkesmannen*

Namn	Funksjon	Opnings- møte	Intervju	Sluttmøte
<b>Hadle Nevøy</b>	Landbruks- direktør	X	X	X
<b>Ragnhild Hole</b>	Rådgjevar	X	X	X
<b>Geir Helge Rygg</b>	Rådgjevar	X	X	X
<b>Linn Borsheim</b>	Rådgjevar	X	X	X

### 4.2. Møter, intervju og dokumentgjennomgang

Kontrollen starta med eit opningsmøte der landbruksdirektør Hadle Nevøy informerte om bakgrunnen for kontrollen. Han la vekt på den viktige rolla som kommunane har i gjennomføring av landbrukspolitikken, og at kommunane si behandling av sentrale verkemiddel har mykje å seie for tilslutninga til politikken og verkemiddelbruken. Hå, som landets største og viktigaste husdyrkommune, vil med sin gode kompetanse vere normsettande for løysing av oppgåver for andre kommunar.

Deretter blei det gjennomført intervju om dei ulike tema. Ragnhild Hole leia sjølve kontrollen med intervju, medan Geir Helge Rygg var medkontrollør og skrivar. For nokre av tema blei intervju supplert med spørsmål knytt til søknader frå føretak. På grunnlag av intervju utarbeidde Fylkesmannen ein førebels rapport som vi gjekk gjennom på eit felles sluttmøte.

### 4.3. Tema for forvaltningskontrollen

Tabellen under viser kva tema som blei gjennomgått under kontrollen.

Nr.	Tema	Ønskjer svar på
1	Sakshandsamingsrutinar	Kommunen sine rutinar for handsaming av innkomne søknader fram til godkjenning. Kva blir kontrollert og korleis blir søknadene gjennomgått fram mot godkjenning?
2	Risikovurderingar ved føretakskontroll	Kva rutinar har kommunen rundt utplukk av føretak til stikkprøvekontroll? Blir det gjort eit uttrekk basert på risiko, og i så fall; korleis?
3	Driftsfellesskap/ disponering av dyr	I kva omfang og i kva for nokre tilfelle kontrollerer kommunen om det er driftsfellesskap mellom dei ulike føretaka? Korleis blir denne kontrollen i så fall gjennomført og loggført?
4	Beitetilskot	Kva rutinar har kommunen for godkjenning av dyr på beite, spesielt når det gjeld mjølkekyr og ungdyr?
5	Kontroll av spreieareal i samband med utbetaling av PT	Kva rutinar har kommunen for å kontrollere om føretaka som søker produksjonstilskot har nok spreieareal for husdyrgjødsel? Kva gjer kommunen dersom det blir oppdaga at eit føretak har for lite spreieareal?
6	Reaksjonar ved avvik	Korleis handsamar kommunen søknader om produksjonstilskot der det blir oppdaga feil i søknaden som ville ført til for høg utbetaling, eller der kommunen kjenner til at søker har brote regelverk om jordbruksverksemd? Kva vurderingar blir gjort i slike tilfelle, og blir det avkorta i tilskotet?

## 5. Funn

I dette kapitlet vil FM gi ei tilbakemelding på utført kontroll fordelt på tema. Eventuelle avvik og merknadar som blei avdekka vil bli gjennomgått under det enkelte tema.

### 5.1. Definisjonar

Funn blir delt opp i merknader og avvik. Definisjonen på desse er:

- **Avvik:** Mangel på oppfyljing av krav fastsett i eller i medhald av lov eller føresegn.
- **Merknad:** Forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som FM meiner det er nødvendig å peike på for å sikre god forvaltning av dei ordningane som er kontrollerte.

## 5.2. Tema 1 - Sakshandsamingsrutinar

### Om regelverket

Kommunen har ansvar for å godkjenne søknader om produksjonstilskot, jf. PT-forskrifta § 10 første ledd. Kommunen sit såleis med eit særskilt ansvar for tilskotsutbetalinga. For å sikre at søknader som blir godkjente fyller krava for tilskotsutbetaling som ligg i regelverket, er det viktig med gode og oversiktlege sakshandsamingsrutinar for innkomne søknader.

### Vurdering

Det kom fram at kommunen har ein del sjekkpunkt av søknadene som kjem inn, men manglar rutinebeskriving som forklarar korleis ein søknad skal handsamast frå den kjem inn og til den blir godkjent/avslått. Ved gjennomgang av dokumentasjon som blei lagt fram, viste det seg at kommunen ikkje hadde fanga opp at det var søkt om tilskot frå to enkeltmannsføretak på eit bruk der begge føretaka hadde grovfôrproduksjon og grovfôrdyr. Kommunen stolte på at dette blei fanga opp i feillister frå SLF.

Kommunen har ikkje utarbeidd ei sjekklister for kva som skal gjerast med ein søknad og kva som skal kontrollerast i denne før den blir godkjent/avslått. Ei sjekklister sikrar at kommunen får kontrollert relevante punkt i søknaden på rett måte, slik at ingen viktige punkt blir gløymt. Utarbeiding av sjekklister bidreg også til bevisstgjerjing av kva som er viktig å kontrollere ved søknadshandsaming og det gjer kommunen mindre sårbar ved fråvær og nyttilsetjing. Dette vil også være eit godt arbeidsverktøy for kommunen.

Kommunen forklarte at det er fleire tilfelle i kommunen der ein søkjar fører opp alt areal, sjølv om det er andre som disponerer deler av arealet. Dette blir løyst ved at den som disponerer areal, men som ikkje fører dette opp i søknaden, betalar mindre i leige. Etter det vi forstod, blei ikkje dette retta opp av kommunen, sjølv om regelverket seier at det er den som disponerer arealet som skal føra dette opp i søknaden.

### Merknad/Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi desse merknadene:

- **Merknad 1** - Manglande rutinebeskriving og manglande sjekklister rundt kommunen si handsaming av PT-søknader.
- **Merknad 2** - Kommunen set for mykje lit til at feil ved søknadsgjennomgang blir fanga opp i feilmeldingslister frå SLF.
- **Avvik 1** - Kommunen rettar ikkje opp søknader der ein søkjar fører opp alt arealet trass i at dei er kjent med at søkjar sjølv ikkje disponerer alt arealet.

## 5.3. Tema 2 - Risikovurderingar ved føretakskontroll

### Om regelverket

Kommunen skal plukke ut minst 5 % av føretaka som har søkt om produksjonstilskot til stikkprøvekontroll. Utplukket skal vere risikobasert, jf. kapittel 5 i rundskriv 23/12 frå SLF. Det vil seie at kommunen må vurdere kor sannsynleg det er at føretak kan få urettmessig utbetalt tilskot, og moglege konsekvensar av slik urettmessig utbetaling. Her er det viktig at kommunen gjer gode vurderingar i forkant av stikkprøvekontrollen. Kommunen må bruke den lokalkjennskapen dei har og erfaringar frå tidlegare søknadsomgangar.

### Vurdering

For januaromgangen 2013 har kommunen, etter eigen vurdering, følgt føringar frå SLF om eit risikobasert utplukk av føretak der det kan vere driftsfellesskap i strid med føresegnene i regelverket for produksjonstilskot. Etter kommunen sine opplysningar er alle føretak der det er to eller fleire føretak med grovfôrproduksjon på eit bruk kontrollerte. I tillegg har kommunen plukka ut ein del bruk med to føretak der det eine driv med grovfôrproduksjon og det andre med kraftfôrkrevjande produksjon. Det kom fram under kontrollen at kommunen ikkje har vurdert store utbetalingar som eit eige moment for risikobasert utplukk til stikkprøvekontroll.

Vi kan ikkje sjå at kommunen tek nok omsyn til kva som er forventa risiko/truslar i eigen kommune ved utplukk til risikobasert kontroll. Ein systematisk gjennomgang basert på skriftlege rutinar som syner kva prioriteringar og vurderingar som blir gjort, vil etter vårt syn gjere grunnlaget for kontrollarbeidet tydeleg og tilgjengeleg for alle som er involverte. Fylkesmannen sin kontroll av utplukk og gjennomføring av stikkprøvekontrollar hausten 2012 synte liten grad av risikovurdering. Kommunen har etter dette forbetra rutine rundt det risikobaserte utplukket.

Kommunen har ikkje skriftleg rutinebeskriving som viser korleis arbeidet med risikobasert utplukk skal gjerast. Som for søknadshandsaming, er det og her viktig med gode rutinebeskrivingar.

### Merknad/avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi denne merknaden:

- **Merknad 3** - Manglande skriftleg vurdering av det risikobaserte utplukket og manglande rutinebeskriving av korleis slikt uttrekk skal gjerast.

## **5.4. Tema 3 - Driftsfellesskap og disponering av dyr**

### Om regelverket

Kommunen har ansvar for å kontrollere at det ikkje er så nært samarbeid mellom føretak at det fører til driftsfellesskap, jf. § 4 i PT-forskrifta. Spesielt er det viktig med slik kontroll i tilfelle der fleire føretak på same landbrukseigedom søker produksjonstilskot. Risikoen for stor feilutbetaling er høg dersom det ligg føre driftsfellesskap mellom to føretak som søker om produksjonstilskot. Det er derfor viktig at kommunen fører gode kontrollar med denne delen av regelverket.

### Vurdering

Kommunen har hatt spesielt fokus på at samdriftsmedlemer ikkje kan ha eige føretak med sau eller andre grovfôrdyr i same driftsbygning som samdrifta. Ved første gangs søknad frå føretak nr. to på same bruket, er kommunen i dialog med bonden og fortel kva som er lov og kva som ikkje er lov når det gjeld driftsfellesskap. Det kom ikkje fram at desse føretaka blei følgt vidare opp når det gjeld spørsmål om driftsfellesskap. Kommunen forklarte og at det skjer at kommunen fører dyr som enkeltmannsføretaket disponerer, men ikkje har rett på tilskot for, over på samdrifta. Etter deira syn betyr det lite då samdrifta som oftast kjem opp i maksimal utbetaling av tilskot til husdyr med egne dyr.

Fylkesmannen trakk fram eit eksempel, der to enkeltmannsføretak (mor og son) begge driv grovfôrproduksjon og søker på grovfôrdyr på same bruket. Kommunen har i

dette tilfellet vore på kontroll hjå mora sitt føretak utan å kontrollere føretaket til sonen og eventuelt driftsfellesskap mellom føretaka.

Kommunen forklarte at dei i liten grad går inn i relevant dokumentasjon, som rekneskapen, avtalar mm. når dei vurderer om det er driftsfellesskap eller ei mellom ulike føretak. Forvaltningskontrollen viser at kommunen i liten grad har vurdert driftsfellesskap både når det gjeld driftsfellesskap mellom ulike føretak på same bruk og driftsfellesskap mellom føretak der eigarane har nære slektsband. Det kom og fram at kommunen har feil oppfatning av kven som har bevisbyrda i driftsfellesskapsaker. Her er det viktig at kommunen er kjend med regelverket. Kommunen bør innføre kontrollrutinar når føretak nummer to eller tre på ein eigedom vert oppretta. Dette kan hindre regelverksbrot og feilutbetalingar av tilskot. Vidare er det viktig at det også blir ført kontroll i etterkant av sjølve oppstarten, då driftsfellesskap kan oppstå over tid.

Spørsmål om driftsfellesskap var også tema ved Fylkesmannens forvaltningskontroll i Hå kommune 3.12.2009. Det blei den gang gitt følgjande merknad:

*”Vi rår til at Hå kommune sine vurderingar i høve til spørsmål om driftsfellesskap blir nedfelt i eit notat når det blir godkjent produksjonstilskot til fleire føretak på ein landbrukseigedom.”* Så langt vi kan sjå har ikkje kommunen innført nokon slik rutine.

#### Merknad/avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi desse merknadene:

- **Merknad 4** - Kommunen har i for liten grad vurdert driftsfellesskap mellom ulike føretak.
- **Merknad 5** - Kommunen går i for liten grad gjennom rekneskapen og anna relevant dokumentasjon ved vurdering om to føretak har driftsfellesskap eller ikkje.
- **Avvik 2** - Kommunen har godkjent tilskot til to enkeltmannsføretak på eit bruk der begge driv grovfôrproduksjon og søkjer på grovfôrdyr utan å vurdere om det kan vere driftsfellesskap mellom føretaka, jf. §4 i forskrift om produksjonstilskudd i jordbruket.
- **Avvik 3** - Kommunen har ført opp dyr som blir disponert av enkeltmannsføretak på søknaden til samdrift.

## **5.5 Tema 4 - Beitetilskot**

### Om regelverket

Kommunen skal sjå til at føretak som søkjer om beitetilskot oppfyller krava til beiting, jf. Teknisk jordbruksavtale for 2012-2013, pkt. 7.5. Det betyr at føretak som har dyr på beite skal oppfylle gitte krav om minimum tal veker beiting og beiting skal skje på areal med tilfredstillande beitemoglegheiter. I tillegg er det eit krav om at minst 50 % av det daglege grovfôropptaket skal skje ved beiting.

### Vurdering

Under kontrollen kom det fram at krava til beite ikkje er noko kommunen vanlegvis kontrollerer. Etter påtrykk frå Fylkesmannen har kommunen hausten 2012 kontrollert 8 føretak med store besetningar av mjølkekyr på beite. Fire av desse fekk avslag på beitetilskot, resten vart godkjende. Det er positivt at kommunen har tatt tak i problemet med beitetilskot til

mjølkekyr. I Hå er det mange føretak med store besetningar med mjølkekyr som har lite beiteareal. Fylkesmannen har tidlegare stilt spørsmål ved om ein del av desse føretaka oppfyller krava til beitetilskot. Vi ser framleis at det er behov for å ha fokus på om beitetilskot blir rettmessig utbetalt og vil understreke at det er viktig at kommunen held fram med dette arbeidet for komande søknadsomgangar.

## **5.6. Tema 5 - Kontroll av spreieareal i samband med utbetaling av PT**

### Om regelverket

Produsentar med husdyr skal ha tilstrekkeleg disponibelt areal for spreieing av husdyrgjødsel, jf. § 24 i gjødselvareforskrifta. Det er kommunen som skal føre tilsyn med at kravet til spreieareal blir etterlevd, jf. § 29 i same forskrift. Ved manglande spreieareal, får føretaket reduksjon i produksjonstilskotsutbetalinga, jf. teknisk jordbruksavtale 2012/2013, kap. 7.1.2. For å sikre at føretaka held seg innanfor regelverket om spreieareal, er det viktig med god og målretta kontroll frå kommunen si side. Dersom kommunen finn manglande/mangelfull miljøplan trinn 1, skal det vurderast reduksjon i produksjonstilskotet etter § 4 i forskrift om miljøplan.

### Vurdering

Det kom fram at kommunen hadde spesielt søkelys på spreiearealproblematikken i 2010. Kommunen krev no skriftlege avtalar og underskrift av begge føretaka ved leige av spreieareal. Når dei er ute på stikkprøvekontroll, spør dei alltid etter avtalar og har rekna ut behovet for spreieareal på førehand. Dersom det er for lite spreieareal, krev kommunen at det blir lagt fram avtale om leige av spreieareal eller avtale om mottak av gjødsla frå Norsk landbruksrådgeving.

Fylkesmannen la fram dokumentasjon på at kommunen ikkje har hatt trekk på grunn av manglande/mangelfull gjødselplan eller manglande spreieareal dei seinare åra. Dette forklarar kommunen med at dei finn svært lite avvik. Fylkesmannen vurderer det slik at kommunen har gode rutinar for å kontrollere at føretaka har tilstrekkeleg spreieareal eller avtalar om levering av gjødsel.

## **5.7. Tema 6 - Reaksjonar ved avvik**

### Om regelverket

Kommunen har ansvar for å vurdere avkorting i tilfelle der det blir oppdaga feil i søknad om produksjonstilskot eller ved regelverksbrot, jf. § 12 og § 13 i PT-forskrifta. Hovudregelen er at tilskotet skal avkortast dersom det er gitt feil opplysningar som ville gitt ei urettmessig meirutbetaling av tilskot, jf. rundskriv 37/12 frå SLF, kap. 5. Ei god oppfølging frå kommunen si side er viktig for å gjere søkjaren meir aktsam og for å førebyggje feilutbetalingar og regelverksbrot.

### Vurdering

Ved kontrollen kom det fram at når det blir oppdaga avvik, blir søknaden retta slik at dei rette tala kjem til utbetaling. Når det t.d. blir funne areal som er ført dobbelt, blir arealet stroke frå skjema. Kommunen stadfester at det i liten grad blir vurdert reaksjonar som avkorting når avvik blir oppdaga, t.d. ved 5% kontrollen.

Avkorting er eit verkemiddel i regelverket som har blitt lite brukt fram til no.

Fylkesmannen forventar tydlegare vurderingar av om feil i søknader gir grunnlag for avkorting i kommande søknadsomgangar. Vi legg til grunn at retningslinene frå SLF om rutinar rundt avkorting blir følgt opp for framtidige søknadsomgangar.

#### Merknad/avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi desse merknadene:

- **Merknad 6** - Kommunen nyttar i for liten grad avkorting i tilfelle der feil i søknad om produksjonstilskot blir oppdaga.

### **5.8 Generelt**

Kommunen har god landbruksfaglig kompetanse og sakshandsamarane har lang erfaring med dette arbeidet. Fylkesmannen meiner at kommunen manglar ein del skriftlege rutinar rundt sakshandsaminga, noko som bør følgjast opp. Kommunen peika på ein del punkt i regelverket dei ikkje var einige i. Fylkesmannen vil presisere at uansett om kommunen ikkje er einig i regelverket og tolkingar rundt dette, har dei som myndigheit plikt til å følgje dei lover, føresegner og retningsliner som overordna organ har sett.

## **6. Oppfølging etter kontrollen**

Hå kommune må innan 15.07.2013 gjere greie for kva tiltak som er sett i verk for å rette opp registrerte avvik. Dersom avvik ikkje er retta opp på dette tidspunkt, skal utgreiinga innehalde ein tidfesta plan for korleis avvika skal rettast opp.

## 7. Vedlegg

### 7.1. Vedlegg 1 - Oversikt over dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon var grunnlag for vurderingar under kontrollen:

Nr.	Tema	Kontrollert dokumentasjon
1	Sakshandsamingsrutinar	
2	Risikovurderingar	Kommunen la fram søknader som var uttrekt til stikkprøvekontroll i august 2012 og januar 2013.
3	Driftsfellesskap/ disponering av dyr	FM la fram eksempel på 2 føretak (mor og son) på eit bruk som begge hadde grovfôrproduksjon og mjølk/kjøttfe/ungdyr. Det vart og lagt fram fleire eksempel på føretak med ektefelle, samt far/dotter på same bruk der begge søker produksjonstilskot.
4	Beitetilskot	FM la fram dokument som synte kor mange og kva slags dyr føretaket har på bruket, kor mykje og kva slags areal som blir disponert og kor mange dyr som blir ført på beite og utmarksbeite.
5	Spreieareal	Det vart lagt fram dokumentasjon over behov for spreieareal og kor mykje spreieareal som mangla for alle føretaka i kommunen. Det vart lagt fram liste som syner at kommunen ikkje har avkorta føretak på grunn av manglande/mangelfull gjødselplan eller manglande spreieareal sidan 2006.
6	Reaksjonar ved avvik	Liste PT-4100 A frå dei to siste åra vart gjennomgått. Dette er liste som syner avvik ved stikkprøvekontrollen. Det vart lagt fram dokumentasjon på at det berre var avkorta i to saker dei to siste åra. Dette var m.a. avkorta pga. spreieing av husdyrgjødsel etter fristen.